

Gir ikkje opp nytt basseng

Skrevet av Merete Horpestad
lørdag 15. august 2009 16:35



Bassenggruppa inviterer til møte.

Kva som skal skje med bassenget på Moi, har vore ein diskusjon i lang tid. Bassenget er gammalt og slitt. Men å byggja nytt, har ikkje kommunen råd til, meiner rådmannen.

Samtidig meiner mange det vil vera for gale å bruka store summer på å rusta opp eit lite, gammalt basseng. Fem av dei som meiner det, har danna ei gruppe som dei kallar bassenggruppa. Neste måndag inviterer dei til møte for å presentera ideane sine. Hit er både kommune- og næringslivsfolk inviterte.

Bjørn Harry Ulvang er med i bassenggruppa. Han er formann i Lund symjeklubb.

- Symjing er viktig for folkehelsa, slår han fast.

Ei kommunalt nedsett gruppe har jobba med denne saka ei heil stund. Bassenggruppa synest rapporten som har kome ut av dette arbeidet, er mangelfull. Bassenggruppa meiner det går an å byggja eit nytt basseng for ein mindre sum enn det som det har vore snakk om før - og at det går an å få inn meir pengar til prosjektet.

Han understrekar at bassenggruppa ikkje har dei endelege svara i saka.

- Men me meiner det er viktig gå snu alle steinar, seier Ulvang, som ønskjer seg eit 25 meter langt basseng på Moi.

Dei andre medlemmene i bassenggruppa er Marita Bolstad, Ann Sissel Haukland, Karsten Moi, Petter Sirevåg og Nina E. Sirnes.

Saka blei utsett då ho var oppe til behandling i kommunestyret i juni. Då gjekk debatten først og fremst på om det var muleg å forlenga det eksisterande bassenget.